

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for samferdsel og mobilitet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fleisher's Hotel, Evangervegen 13, 5704 VOSS
<b>Dato:</b>	06.10.2021
<b>Tid:</b>	10:00-16:00

**Følgjande faste medlemer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer	
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Per Jarle Kosior Valvatne	Medlem	A	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP	
Mona Høgli	Medlem	MDG	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Hanne Eva Husebø	Medlem	H	
Kristensen			
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trym Helge Aafløy	Medlem	UA	Gjekk kl. 14.15
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Gunn Karin Sande	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	SP

**Merknader**
**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Avdelingsdirektør infrastruktur og veg
Petter Lem Gullestad	Møtesekretær

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off (lukket)
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 15/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 16/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 8. september 2021	2019/149	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 87/21	Bruprojekt på fv. 611 Hovlandsvegen i Eikefjord, Kinn kommune.	2021/43927	
RS 88/21	Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021	2021/1290	
RS 89/21	Ferde AS - andre rapport til eigarane i 2021	2020/35317	
RS 90/21	Kostnadsutvikling i nye driftskontraktar i vegsektoren	2021/45980	
RS 91/21	Høyringsinnspel til arbeidet med Regional transportplan - Ei kort oppsummering	2020/36671	
RS 92/21	Ferjeavløysingsmidlar - Forklaring på endring i anslag	2021/22812	
	<b>Skriftlege spørsmål</b>		
SI 40/21	Spørsmål frå Brosvik (KrF) - Busslomme ved Halsnes på vegen mellom Dale og Storehaug	2020/203	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 73/21	Val av kontraktsform driftskontrakt 4610 Nordfjord 2023 - 2028	2021/40761	
PS 74/21	Fråsegn - Statleg reguleringsplan for E 16 og Vossebana - Arna-Stanghelle	2020/47343	
PS 75/21	Bruk av biodrivstoff i transportkontraktar i Vestland	2021/47190	
PS 76/21	Vegbruksavgift - krav frå Tide Buss AS om vederlagsjustering grunna innføring av vegbruksavgift for biodiesel frå 01.07.2020	2020/72215	X
PS 77/21	Ferjeavløysingsmidlar - Forklaring på endring i anslag		

Godkjenningssaker

GK 15/21 Godkjenning innkalling og sakliste

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

Innkallinga og saklista vart godkjend.

GK 16/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 8. september 2021

**Forslag til vedtak**

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

Protokoll får møte 8. september 2021 vart godkjend.

Referatsaker

RS 87/21 Bruprosjekt på fv. 611 Hovlandsvegen i Eikefjord, Kinn kommune.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

Vart referert.

RS 88/21 Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

Vart referert.

RS 89/21 Ferde AS - andre rapport til eigarane i 2021

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

Vart referert.

RS 90/21 Kostnadsutvikling i nye driftskontraktar i vegsektoren

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

Vart referert.

RS 91/21 Høyringsinnspel til arbeidet med Regional transportplan - Ei kort oppsummering

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

Vart referert.

RS 92/21 Ferjeavløysingsmidlar - Forklaring på endring i anslag

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

Jenny Følling (Sp) gjorde framlegg om at saka vart sett på saklista som vedtakssak. Utvalet slutta seg til dette. Saka fekk saknr. PS 77/21.



## Skriftlege spørsmål

SI 40/21 Spørsmål frå Brosvik (KrF) - Busslomme ved Halsnes på vegen mellom Dale og Storehaug

I e-post dagsett 1. oktober 2021 stiller representant Brosvik (KrF) spørsmål om ei klage på flytting av ei busslomme ved Halsnes (Fjaler kommune) i reguleringsplan for fv. 57 Strandanes-Nistadlia. Brosvik skriv:

Eg har blitt kontakta av innbyggjarar på Halsnes i Fjaler om flytting av busslomme. Dei har tidlegare klaga på endringa i reguleringsplanen, og då fått til svar at dette var ein detalj som ein ville kome attende til i detaljplanlegginga. No er ein i gang med den, uten at klagen er behandla, og dei opplever det vanskeleg å få svar om saka frå fylkeskommunen som vegeigar og ansvarleg for anlegget.

Det vert hevda at busslomma må flyttast for å gje betre siktlinje. Medan brukarane av busskuret (yngre familie med snart skuleborn) hevdar det blir meir trafikkfarleg for borna å gå ei lengre strekke langs fylkesvegen for å kome til nytt busstur.

Vi har i Vestland mange strekker der born må gå langs trafikkert veg, uten vegskulder, for å kome til busstopp. I dette tilfellet vil heller ikkje flyttinga gjere at andre får kortare veg. Det må vere eit mål å legge til rette for færrast mogeleg slike saker. Eg viser til at fylket som vegeigar foreslår ganske krevjande rekkefølgekrav for andre utbyggarar for å få på plass trygge nok gangveggar på deira anlegg.

Er det mogeleg å gjere fråvik frå siktlinja, evt gjere enkle avbøtande tiltak, for å framleis kunne ha busstoppet der det er og slik sett gjere skulevegen tryggare for dei som bur på Halsnes?

Kva tid vil grunneigar på svar på klagen, og korleis kan han bli høyrte i saka?

### Svar frå avdelingsdirektøren

Fjaler kommune vedtok reguleringsplanen for fv. 57 Strandanes-Nistadlia 18. juni 2020. I samband med vedtaket kom det inn klagar, og saka vart, etter handsaming i kommunestyret, sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd. Statsforvaltaren i Vestland stadfesta vedtaket til Fjaler kommune.

Grunnen til at busslomma har fått ny plassering i reguleringsplanen er at det undervegs i planprosessen er vurdert til at det er for dårlege siktilhøve i denne kurva for å plassere ei busslomme. Busslomma er difor i ny reguleringsplan flytta til ein meir oversiktleg stad med tilstrekkelege siktilhøve. Som eit avbøtande tiltak er det i reguleringsplanen sett av nok areal til å legge til rette for at gåande- og syklande får eit eige areal dei kan ferdast på mellom avkøyrsla og busslomma.

Grunneigar har fått svar i klaga si gjennom vedtaket til Fjaler kommune og Statsforvaltaren i Vestland. Planen er vedteken, og dersom det no skal gjerast endringar må desse takast som ei reguleringsplanendring. Det må komme nye moment i saka som gjer at ein kan fremje ei reguleringsplanendring. Grunneigar har ved fleire høve hatt moglegheit til å spele inn merknadar til planen, noko dei også har gjort. Merknadane er handsama på vanleg måte gjennom reguleringsplanprosessen.

Prosjektet skal lysast ut som totalentreprise, prosjektering vil då verte utført av entreprenør.

Politiske saker

PS 73/21 Val av kontraktsform driftskontrakt 4610 Nordfjord 2023 - 2028

Forslag til vedtak:

Driftskontrakt 4610 Nordfjord vert lyst ut som byggherrestyrt kontrakt med delt funksjonsansvar mellom byggherre og entreprenør.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

Avdelingsdirektør Dina Lefdal orienterte om at avgjerdsmynde i saka ligg til fylkesdirektør.

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, Frp, H, MDG, SV og Sp fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tar saka til vitande og er positiv til løysinga med byggherrestyrt kontrakt med delt funksjonsansvar mellom byggherre og entreprenør.»

#### **Avrøysting**

Det var 13 medlemmer til stades.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tar saka til vitande og er positiv til løysinga med byggherrestyrt kontrakt med delt funksjonsansvar mellom byggherre og entreprenør.

PS 74/21 Fråsegn - Statleg reguleringsplan for E 16 og Vossebana - Arna-Stanghelle

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune har prioritert K5-prosjektet med ny Vossabane og E16 høgast i prioriteringane til Nasjonal transportplan 2022-2033. Fylkeskommunen er positiv til reguleringsplanen, og meiner den gir eit godt grunnlag for vidare framdrift av prosjektet. Vi meiner at det er viktig med ei rask framdrift vidare, slik at det byggjearstart kan skje så snart som mogleg.
2. Vestland fylkeskommune oppfordrar til at arbeidet med omklassifisering av framtidig gamle E16 vert handtert i samband med reguleringsplanen for strekninga E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle.
3. Vestland fylkeskommune viser til at delstrekningane på noverande E16 Trengereid-Vaksdal og Vaksdal-Stanghelle vil ha ei svært lita resttrafikk, og vegen vil ikkje ha ein regional funksjon. Vegen er rasfarleg og har mange tunnelar. Funksjonen til vegen vil i første rekkje vere som omkøyingsveg for E16 ved stenging av tunnelar. Fylkeskommunen meiner difor at desse delstrekningane ikkje bør omklassifiserast til fylkesveg, men fortsett ha funksjon som riksveg.

4. Vestland fylkeskommune meiner at det må vere Statens vegvesen som har ansvar for finansiering av gang- og sykkeltilbodet langs E16.

5. Vestland fylkeskommune støtter Vaksdal kommune sitt ynskje om alternativ B2. Landar ein likevel på alternativ B1 ber fylkeskommunen om at fellesprosjektet har fokus på å sikre framkome på fylkesveg 49 og 79 dersom desse skal vere omkøyringsveggar i anleggsperioden.

6. Vestland fylkeskommune ber om at reguleringsplanen slår fast korleis gang- og sykkeltilbodet på strekninga Trengereid-Stanghelle skal løysast, og at dette vert gjennomført av fellesprosjektet.

7. Vestland fylkeskommune er positiv til regulering av gang- sykkelveg på strekninga Trengereid-Gullbotn langs fylkesveg 49. Det vert føresett at prosjektet tek kostnadene knytt til opparbeiding av tilbodet.

8. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd eit klimagassrekneskap for prosjektet og at det er peikt på konkrete område ein bør jobbe med å redusere utslepp.

Det er viktig at dette vert sett høgt på dagsorden i det vidare arbeidet.

9. Vestland fylkeskommune ber Statens Vegvesen fortsette arbeidet med å finne fram til samfunnsmessig bruk av overskotsmassane frå prosjektet. Opplegget med mellombelse kaianlegg ved fjorden for å transportere overskotsmassar ut med lekter eller båt, er ei god løysing, som også legg til rette for transport av massar til mogeleg samfunnsnyttig bruk.

10. Vestland fylkeskommune ber om at ein vurderer omfanget av rigg- og anleggsområdet nær den Gamle Vossebanen. Vi ber også om at eit større område kring det freda anlegget blir gitt omsynssone kulturminnemiljø (H570) med tilhøyrande retningslinjer.

11. Vestland fylkeskommune ber om at Gamle Vossebanen som ikkje er freda blir gitt omsynssone kulturminnemiljø (H570) med tilhøyrande retningslinjer.

12. Vestland fylkeskommune ber om at delen av Christiania postveg som ligg i planområdet blir gitt omsynssone kulturminnemiljø (H570) med tilhøyrande retningslinjer.

13. Vestland fylkeskommune ber om at kaianlegget ved Romslo blir fjerna etter anleggsfasen. Kaianlegget er skjemmande for det forskriftsreda Havrátunet (Askeladden id. K12). Det må bli gitt føresegn i planen som sikrar dette.

14. Vestland fylkeskommune ber om at ein tek omsyn til viktige kulturminneverdiar i Vaksdal sentrum, og at bygg som eventuelt skal rivast blir dokumentert av kommunen og at meldeplikt til fylket blir oppfylt.

15. Vestland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein grundig kulturminnedokumentasjon av den råka røyrigata til Vaksdal Mølle, og at det blir gitt retningslinjer som sikrar dette i planen.



Restar bør bevarast så langt som råd som historiske element i landskapet, og bli gitt omsynssone H570.

16. Vestland fylkeskommune ber om at Alternativ Fossmark veg, Fossmark tilkomsttunnel og Linnebakkane vegtunnel blir teke ut av planen. Følgjene av inngrep her vil ha sær negative konsekvensar for kulturmiljø og kulturlandskap.

17. Vestland fylkeskommune ber om at ein tek omsyn til viktige kulturminneverdiar i Stanghelle sentrum, og at bygg som eventuelt skal rivast blir dokumentert av kommunen og at meldeplikt til fylket blir oppfylt.

18. Vestland fylkeskommune ber om at ein utgreier alternativ for vidare bruk av stasjonsbygga på Stanghelle, Vaksdal og Trengereid, som ivaretek dei verneverdige bygga.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, Frp,H, MDG, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 5, mellom første og andre setning:

Alternativ B2 vil redusere trafikkstøy monaleg i tettstaden då vegen går utanom sentrum. I tillegg har alternativ B2 inntil eitt (1) år kortare anleggstid enn alternativ B1.»

### **Avrøysting**

Det var 13 medlemmer til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune har prioritert K5-prosjektet med ny Vossabane og E16 høgast i prioriteringane til Nasjonal transportplan 2022-2033. Fylkeskommunen er positiv til reguleringsplanen, og meiner den gir eit godt grunnlag for vidare framdrift av prosjektet. Vi meiner at det er viktig med ei rask framdrift vidare, slik at det byggjearstart kan skje så snart som mogleg.

2. Vestland fylkeskommune oppfordrar til at arbeidet med omklassifisering av framtidig gamle E16 vert handtert i samband med reguleringsplanen for strekninga E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle.

3. Vestland fylkeskommune viser til at delstrekningane på noverande E16 Trengereid-Vaksdal og Vaksdal-Stanghelle vil ha ei svært lita resttrafikk, og vegen vil ikkje ha ein regional funksjon. Vegen er rasfarleg og har mange tunnelar. Funksjonen til vegen vil i første rekkje vere som

omkøyringsveg for E16 ved stenging av tunnelar. Fylkeskommunen meiner difor at desse delstrekningane ikkje bør omklassifiserast til fylkesveg, men fortsett ha funksjon som riksveg.

4. Vestland fylkeskommune meiner at det må vere Statens vegvesen som har ansvar for finansiering av gang- og sykkeltilbodet langsetter ny E16.

5. Vestland fylkeskommune støtter Vaksdal kommune sitt ynskje om alternativ B2. Alternativ B2 vil redusere trafikkstøy monaleg i tettstaden då vegen går utanom sentrum. I tillegg har alternativ B2 inntil eitt (1) år kortare anleggstid enn alternativ B1. Landar ein likevel på alternativ B1 ber fylkeskommunen om at fellesprosjektet har fokus på å sikre framkome på fylkesveg 49 og 79 dersom desse skal vere omkøyringsveggar i anleggsperioden.

6. Vestland fylkeskommune ber om at reguleringsplanen slår fast korleis gang- og sykkeltilbodet på strekninga Trengereid-Stanghelle skal løysast, og at dette vert gjennomført av fellesprosjektet.

7. Vestland fylkeskommune er positiv til regulering av gang- sykkelveg på strekninga Trengereid-Gullbotn langs fylkesveg 49. Det vert føresett at prosjektet tek kostnadene knytt til opparbeiding av tilbodet.

8. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd eit klimagassrekneskap for prosjektet og at det er peikt på konkrete område ein bør jobbe med å redusere utslepp.

Det er viktig at dette vert sett høgt på dagsorden i det vidare arbeidet.

9. Vestland fylkeskommune ber Statens Vegvesen fortsette arbeidet med å finne fram til samfunnsmessig bruk av overskotsmassane frå prosjektet. Opplegget med mellombelse kaianlegg ved fjorden for å transportere overskotsmassar ut med lekter eller båt, er ei god løysing, som også legg til rette for transport av massar til mogleg samfunnsnyttig bruk.

10. Vestland fylkeskommune ber om at ein vurderer omfanget av rigg- og anleggsområdet nær den Gamle Vossebanen. Vi ber også om at eit større område kring det freda anlegget blir gitt omsynssone kulturminnemiljø (H570) med tilhøyrande retningsliner.

11. Vestland fylkeskommune ber om at Gamle Vossebanen som ikkje er freda blir gitt omsynssone kulturminnemiljø (H570) med tilhøyrande retningsliner.

12. Vestland fylkeskommune ber om at delen av Christiania postveg som ligg i planområdet blir gitt omsynssone kulturminnemiljø (H570) med tilhøyrande retningsliner.

13. Vestland fylkeskommune ber om at kaianlegget ved Romslo blir fjerna etter anleggsfasen. Kaianlegget er skjemmaende for det forskriftsreda Havråtunet (Askeladden id. K12). Det må bli gitt føresegn i planen som sikrar dette.

14. Vestland fylkeskommune ber om at ein tek omsyn til viktige kulturminneverdiar i Vaksdal sentrum, og at bygg som eventuelt skal rivast blir dokumentert av kommunen og at meldeplikt til fylket blir oppfylt.

15. Vestland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein grundig kulturminnedokumentasjon av den råka røyrgata til Vaksdal Mølle, og at det blir gitt retningslinjer som sikrar dette i planen. Restar bør bevarast så langt som råd som historiske element i landskapet, og bli gitt omsynssone H570.

16. Vestland fylkeskommune ber om at Alternativ Fossmark veg, Fossmark tilkomsttunnel og Linnebakkane vegtunnel blir teke ut av planen. Følgjene av inngrep her vil ha særskilte negative konsekvensar for kulturmiljø og kulturlandskap.

17. Vestland fylkeskommune ber om at ein tek omsyn til viktige kulturminneverdiar i Stanghelle sentrum, og at bygg som eventuelt skal rivast blir dokumentert av kommunen og at meldeplikt til fylket blir oppfylt.

18. Vestland fylkeskommune ber om at ein utgreier alternativ for vidare bruk av stasjonsbygga på Stanghelle, Vaksdal og Trengereid, som ivaretek dei verneverdige bygga.

PS 75/21 Bruk av biodrivstoff i transportkontraktar i Vestland

#### **Forslag til vedtak**

1. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å forhandle ut kravet om biodrivstoff i busskontraktane i Vestland.
2. Fylkeskommunedirektøren kjem attende med eiga sak om biodrivstoff i ferje- og båtkontraktane når det er avklart om det vert innført omsetningskrav for sjøtransport.
3. Midlar som vert frigjort, som følgje av at kravet om biodrivstoff går ut, vert disponert som del av budsjett 2022/økonomiplanperiode 2022 - 2025.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett. Administrasjonen bes komme attende med utgreiing om kva konveskvensar auka Co2 avgift vil ha å seie for bruk av biodrivstoff, samt at ein sjekker med andre fylkeskommunar på korleis dette vert handsama. Det er også knytt usikkerhet til kva for rammebetingelser som vil verte gjennomført i tida framover, jamfør at fleirtalet i det nye stortinget i klimameldingen bad om at avansert biodrivstoff vert tatt ut av omsetningspåbudet, og at det er viktig med insentiv til kommuner, fylkeskommuner og andre for å etterspørre høynnblandet biodrivstoff.»

Hammer sitt forslag til utsetjing fekk 2 røyster (SV og MDG) og fall.

**Mona Høgli (MDG)** sette på vegner av MDG, SV, A, Sp og Krf fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3:

Midlar som vert frigjort, som følgje av at kravet om biodrivstoff går ut, vert disponert som del av budsjett 2022/økonomiplanperiode 2022 - 2025, og skal i hovudsak gå til tiltak som gir kutt i klimagassutsleppa, som til dømes elektrifisering.»

### **Avrøysting**

Det var 13 medlemmer til stades.

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Høgli sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 5 røyster (H og Frp).

Innstillinga punkt 3 fekk 5 røyster (H og Frp) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å forhandle ut kravet om biodrivstoff i busskontraktane i Vestland.
2. Fylkeskommunedirektøren kjem attende med eiga sak om biodrivstoff i ferje- og båtkontraktane når det er avklart om det vert innført omsettingskrav for sjøtransport.
3. Midlar som vert frigjort, som følgje av at kravet om biodrivstoff går ut, vert disponert som del av budsjett 2022/økonomiplanperiode 2022 - 2025, og skal i hovudsak gå til tiltak som gir kutt i klimagassutsleppa, som til dømes elektrifisering.

PS 76/21 Vegbruksavgift - krav frå Tide Buss AS om vederlagsjustering grunna innføring av vegbruksavgift for biodiesel frå 01.07.2020

PS 77/21 Ferjeavløysingsmidlar - Forklaring på endring i anslag

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021**

**Jenny Følling (Sp)** sette på vegner av Sp, A, Frp, H, MDG, SV og Krf fram slikt forslag:

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om å få sjå utrekning av dei normerte ferjekostnadene for berekning av ferjeavløysingsmidlar til Atløysambandet. Kven delte sambandet opp og kvifor er Fure tatt ut. Vidare ynskjer utvalet innsyn i grunnlaget for berekningane, samt dei faktiske kostnadene med å drifte ferjesambanda Askvoll-Gjervik-Fure og Askvoll-Værlandet, og korleis sambanda i Askvoll kan driftast etter bru til Atløy.»

### **Avrøysting**

Følling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om å få sjå utrekning av dei normerte ferjekostnadene for berekning av ferjeavløysingsmidlar til Atløysambandet. Kven delte sambandet opp og kvifor er

Fure tatt ut. Vidare ynskjer utvalet innsyn i grunnlaget for berekningane, samt dei faktiske kostnadene med å drifte ferjesambanda Askvoll-Gjervik-Fure og Askvoll-Værlandet, og korleis sambanda i Askvoll kan driftast etter bru til Atløy.